

Til Fylkesmannen i Hordaland

KLAGE «OMRÅDEPLAN -FYLKESVEG 57, KNARVIK – ISDALSTØ».

Vi kan ikkje godta områdeplanen/ reguleringsplanen slik den ligg føre.

Vi vil med dette påklaga den vedtatte planen i følgjande punkt og viser i tillegg til tidlegare merknader frå oss datert 15.02.2012 og 31.08.2013 (sjå vedlegg):

1. Generelt

Me har stor forståing for at ein set av eit større areal til framtidig vegutbygging i Knarvik, men me vil påpeika store manglar ved vald løysing for full og endeleg utbygging i Knarvik, då den er for omfattande og dårleg både miljømessig og trafikkalt. Den inneheldt altfor store inngrep i terrenget og det etablerte lokalmiljøet og har ikkje fullstendige trafikk-løysingar for alle trafikkretningar.

Undervegs i planprossessen har dessutan informasjonsflyten og høve til medverknad for grunneigarar ikkje vore god nok.

Vi protesterer på det sterkaste på at planen varslar riving av 3 hus i Lyngvegen, inkludert vår eigedom, då dette truleg ikkje vert naudsynt før om mange tiår, om det i det heile vert realisert nokon gong.

2. Byggjesteg 1

Forslaget til dette byggjesteget har ikkje vorte kunngjort for oss i planprossessen før i endeleg forslag til reguleringsplan 19.06.2013. Me har såleis ikkje kunna fått høve til å uttala oss om og medverka i planprossessen for dette byggjesteget før i høyringsrunden .

Vi kan likevel akseptera utbygging og plan for byggjetrinn 1 på følgjande vilkår:

- a)Reguleringsplanen og grensene for tiltaket må tilpassast arealbehovet for byggjesteg 1, og rivingvarslet for huset vårt i Lyngvegen 15 vert trekt attende no.
- b)Støysikring av huset og eigedomen vår vert å utføra i samsvar med Forskrift T-1442-2012 «Retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging».
- c)Det vert bygt ny gangveg frå Lyngvegen, frå ovanfor og aust om huset vårt og ned til E

39.

Gangvegen skal ha køyrbar arm til utearealet på vår eigedom.

3. Byggjesteg 2

Då det truleg er svært lenge til dette byggjesteget vert realisert, om det nokon gong i det heile skjer, er det truleg naudsynt med ein ny reguleringsplan ut frå nye behov, krav og framtidige tekniske løysingar.

Viser til vårt tidlegare innsendte forslag, utarbeidd som alternativ G.

Dette forslaget vart etter vårt syn underkjent altfor tidleg og på feil grunnlag i planprossessen utan å avklara dette med oss. Det mangla til dømes kapasitetsvurdering for alternativet vart forkasta.

Det er mogleg å forbetra dette alternativet (G) for ei framtidig trafikk-løysing i Knarvik i byggjesteg 2, til dømes ved flytting eller endring av rundkøyringa i byggjesteg 1 og den nye 4-feltsbrua, med tilføring av nye felt og framtidige «fly-over»- løysingar både for E 39 og Fv 57.

4. Rivingsvarsel for 3 hus i Lyngvegen

Vi kan ikkje godta at det vert sett rivingsmerke på Lyngvegen 15 på noværande tidspunkt.

Vi vil peika på at områdeplanen synest å ta mykje meir omsyn til forretnings- og storutbyggjarar enn nokre av dei først etablerte småhusa .

Rivingsvarselet medfører eit stort verditap og stor usikkerhet for vidare utvikling av eigedomen vår i åra framover. Vi vil krevja full erstatning for dette verditapet i samband med erstatning for grunnnervv i byggjesteg 1.

Om rivingsvarselet vert realisert i områdeplanen/ reguleringsplanen, vil me krevja å få eigedomen vår erstatta med ein tilsvarande sentrumsnær eigedom og hus i Knarvik.

5. Medverknad i prossessen

Me viser til avsnittet om «Medverknad» i vedlagte tidlegare merknad innsendt til Lindås Kommune 31.08.2013.

Helsing

Gro Hjellvik Jordal og Arnljot Jordal